

Vegsaltinga kan vera ulovleg

– Dette har me sagt lenge. No vonar me at Statens vegvesen sluttar å pøse på med salt som er skadeleg for både plantar, dyr og folk.

FRODE RENE
fr@hallingdolen.no

Miljødirektoratet har sendt brev til Klima- og miljødepartementet og bede dei vurdere om forureiningslova gjeld for salting av veg.

Det er på bakgrunn av fleire undersøkingar som syner til alvorlege skadar på naturen, som fylgje av vegsaltinga, som no får direktoratet til å reagere. Saltbruken har auka betydeleg dei siste åra. Frå 1990-talet låg snittet på 73.000 tonn salt i året, medan bruken utover 2000-talet har tredobla seg. Vinteren 2010/11 toppa det seg med over 238.000 tonn salt på norske vegar. Vegdirektoratet og Miljødirektoratet, tidlegare KLIF, har sett ned ei arbeidsgruppe som ser på omfanget og konsekvensane av vegsaltinga. Dei forureinande sidene av vegsalting medfører, på enkelte strekningar, betydelege skadar på vegetasjon og vasstilsig. I lys av dette er det klart at vegsalting, på generell basis, ikkje lenger kan vera lovleg etter forureiningslova, skriv Miljødirektoratet i sitt brev til Klima- og miljødepartementet. No er det opp til politikarane å vurdere kva som er tillate og ikkje.

– Dette visste me

– Dette er ikkje noko nytt. Me har visst om desse skadane lenge og me har prøvd å få slutt på bruken av så mykje vegsalt. Det blir mellom anna nytta jerncyanid som skal hindre saltet å klumpa seg. Når dette løys seg opp og blandar seg med vatn, vert det blåsyre. Det kan umogeleg vera lovleg å ureina vatn og natur med vitande og vilje slik dei gjer, seier Kjell-Gunnar Haugen frå Hol. Han er med i aksjonsgruppa Stopp veisaltninga og syner til fleire rapportar frå forskarar i mellom anna NTNU i Trondheim, Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Transportøkonomisk institutt (TØI) som også er kritiske til saltbruken.

– Me har rapportar som slår alle argumenta til Statens vegvesen i hel, me har folket med oss, men me manglar økonomiske musklar til å ta opp kampen mot vegsaltinga.

Haugen er ikkje heilt motstandar av saltbruken, men meiner at alt anna skal vera prøvd fyrst før det blir salta.



“Eg meiner det er falsk tryggleik å salte vegane heile tida.

KJELL GUNNAR HAUGEN

ULOVLEG: Kjell Gunnar Haugen frå Hol og aksjonsgruppa Stopp veisaltninga har i ei årrekke kjempa mot saltbruken vinterstid og har kjent til skadeverknadene. No vonar dei at Miljødirektoratet sine funn kan føra til mindre salting framover.



OMSTRIDD: Vegsalting.

– I dag skal alle brøytebilar, ifølgje brøytekontrakten, ha eit midtmontert skjær på brøytebilen for å skrapa vegen best mogeleg slik at det ikkje får etablert seg ein snøsole. Er det litt trafikk på vegen, tek det ikkje lange tida før vegen er bar – og det heilt utan salt, fortel han.

Falsk tryggleik

Det er eit kjent fenomen at saltbruken får bilar til å rusta meir og det er skadeleg, slår miljødirektoratet fast. Haugen trur ikkje det blir færre ulukker om

Statens vegvesen brukar meir salt, snarare tvert om.

– Eg meiner det er falsk tryggleik å salte vegane heile tida. Berre sjå kva dei har fått til i Nord-Sverige. Der har saltinga vorte kraftig redusert dei siste åra. Sjølv om det er meir snødekte vegar, går også talet på dei alvorlege ulukkene ned.

Haugen er overtydd om at berre vegar også får farten til å gå opp.

– Når me veit at talet ulukker, med dødeleg utgang, aukar med 12 prosent berre ved å auke farten frå 75 til 80 kilometer i timen og med heile 40 prosent om ein aukar farten frå 70 til 90 kilometer i timen, er eg ikkje så sikker på om saltinga har den funksjonen som Statens vegvesen ynskjer for å ta i vare trafikktryggleiken.

– Krev erstatning

– Dersom Statens vegvesen vil halda fram med saltinga, sjølv etter Miljødirektoratet sine klare åtvaringa mot å gjera det, kan du med lova i hand, krevje erstatning for alt det saltet måtte øydelegge på din eigedom, meiner Haugen.

– Dette kan få betydning

Dersom Klima- og miljødepartementet meiner forureiningslova gjeld for salting av veg, bør det lagast ei forskrift som regulerer bruken av saltet.

– Eg trur nok salteskruven vil bli skrudd att fleire stader i landet dersom det skjer. Me kjem til å halda oss til det regelverket som kan koma, seier senioringeniør i Vegdirektoratet, Åge Sivertsen. Han trur ei lovending i bruken av vegsalt kan få betydning for fleire kommunar i heile Norge. Kanskje fyrst og fremst på stader der det ikkje er like lett å bruka salt for å få berre vegar. I Hallingdal er det ofte kaldare enn kva saltet greier hanskast med, difor vil det vera eit spørsmål om det skal saltast her i det heile, forklarar Sivertsen.

Viktige trafikkårer

Det er ikkje noko nytt fenomen for senioringeniøren i Trondheim at saltet har skadeleg effekt på naturen.

– Me kjenner til fleire innsjøar i Norge der saltet ligg att på botn og at det er gjort ska-

der på plantar og tre. Det er på slike stader det lyt vurderast andre løysingar enn saltbruk, fortel han.

Tek sjølvkritikk

Det er trafikkmengda og klimatiske tilhøve som avgjer om og kvar det skal saltast. Dei siste åra har Vegdirektoratet teke sjølvkritikk på mykje dårleg brøytearbeid og salting.

– Statens vegvesen har no innført eit kurs for entreprenørar som skal utføra arbeid for Statens vegvesen. Dermed står me betre førebudde framfor vinteren. Dessutan lyt me leggja om og forbetre heile saltpraksisen vår. Skal det saltast, skal det gjerast slik at bilstane kan føla seg trygge. Det betyr kanskje meir salting enkelte stader, og at saltet blir kutta ut på dei stadene det har mindre effekt. Der vil det i staden bli lagt ned meir arbeid i å få bort snøen, fortel Sivertsen.

Kolliderte på Rv52

Ein lastebil og ein personbil kolliderte nord for Venåsbrua på Rv 52 i Hemsedal tysdag førmiddag. Ingen personar var skadd.